

## Oppfølging forvaltningsrevisjon Innkjøp 2017.

Første kolonne er tiltaka slik dei er lista opp i vedtak frå Fylkesting 17.04.2018. Dei fleste tiltaka i andre kolonne er henta frå innhaldet i rapporten. Nokre av desse er foreslått tatt i samband med arbeid med ny region, da dette uansett er arbeid som må gjerast i den prosessen.

Frå vedtaket heiter det at tiltak a-g bør gjennomførast i løpet av 2018. Tiltaka h og i vert å gjennomføre i samband med organiseringa av ny region.

Tiltak vedtatt i fylkestinget	Føreslegne tiltak, delvis henta frå forvaltningsrevisjonsrapporten, delvis formulert av innkjøpssjef	ansvar	når	Kommentar	Vedlagt
a) oppdatere strategi og rutinar slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk	Oppdatere strategi med henvisningar til rett regelverk	INNK	Haust 2018	OK – vedtatt av tinget 19.10.2018	
	Strategi: Vurdere om strategien er dekkande i høve nytt regelverk når det gjeld - krav til miljø - krav til sosial dumping, sjå tiltak f	INNK	Haust 2018	OK - jamfør punkt over	
	Oppdatere rutinar slik at dei er i samsvar med nytt regelverk - Krav til miljø og sosial dumping	INNK	Haust 2018	OK – Oppdatert gjeldande rutinar. Laga ny rutine for risikovurdering og avtaleoppfølging i lag med BET, SA og klimakoordinator. Ny rutine iverksettast jan/feb 2019.	Vedlagt: Rutine for oppfølging av avtalar.

	Oppdatere rutinar slik at dei er i samsvar med nytt regelverk - Andre endringar i nytt regelverk	INNKK	Haust 2017	OK – Oppdatert gjeldande malar og rutinar.	
<b>b) Syte for at rutinar og retningsliner er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar</b>	- Oppdatere nyhendeside på innkjøpshandboka med ein nyhende om at informasjon om reglar og rutinar finst på intranett. Oppdatere intranettet med lenke til internettet. Informasjon skal berre finnast ein stad med eventuell lenking frå andre stader.	INNKK	Vinter 2018	OK	
	- Sjå gjennom malar på esa om desse kan gjerast enda enklare	INNKK	Vinter 2018	OK	
	- Innarbeide tydeligare rutine i INNKK om at portalen + e-post skal nyttast til å informere om nye avtalar	INNKK	Vinter 2018, kontinuerleg	OK	
	- Informere alle tilsette om at portalen er primærstaden for å finne informasjon om innkjøpsrutinar	INNKK	Vinter 2018, kontinuerleg	OK	
	- Gå gjennom portalen for å sikre at all informasjon som finst, ligg tilgjengeleg der	INNKK	Vinter 2018, med jamne mellomrom	OK	
<b>c) Sikre tydeligare krav til kompetanse og tilby føremålsteneleg opplæring av bestillarar i fylkeskommunen</b>	- Oppdatere dokumentet «Rutinar for innkjøp og fakturahandsaming» i samband med ansvarsbrev for 2018.	INNKK/ LOR	Haust 2017	OK	Vedlagt: Reglar for innkjøp og fakturahandsaming revidert 04.01.18
	-Oppdatere ansvarsbrev for 2019 med rollane bestillar, innkjøpar og innkjøpkontakt og ein definisjon av kva krav til kompetanse som ligg til kvar av dei. Desse blir også lagt på intranettet.	INNKK/ FRMØ	Des 2018/jan 2019	OK	Vedlagt: Kompetansekrav for innkjøp
	- Fortsette arbeid med å avgrense tal bestillarar i ehandel	INNKK	Vinter 2019, kontinuerleg	Under arbeid	
	- Opplæring av bestillarar og innkjøparar. LOR skal vere med. Kurs som er obligatoriske for innkjøpskontaktar. Innkjøpskontaktane får ansvar for å formidle kursinnhaldet vidare til bestillarar og	INNKK	Vinter 2019 Jamnleg opplæring elles	Under arbeid	

	innholdet i sine avdelingar. Kursdokumentasjon vil bli lagt ut på intranettet.				
	- «Innkjøpskontakt» er definert på alle skulane. Definere desse i resten av organisasjonen også. Innkjøpskontaktar vert lagt ut på eigen fane på intranettet	INNKK	Vår 2018.	OK, leggest ut på intranettet januar 2019	
d) gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov	- Lage rutine for dette. Dette vart gjort våren 2017 (årshjul)	INNKK	Vår 2017	OK	Vedlagt: Årshjul oppdatert 12.12.17
	- Utføre rutinen	INNKK/ FRMØ	Vår 2018	OK	
	-Lage felles innkjøpsplan med Hordaland og dra nytte av stordriftsfordelar, eventuelt leige inn konsulenthjelp, i arbeid med rammeavtalar	INNKK	Vår 2018- Haust 2019	OK	
	-Vidareføre Hordaland sitt elektroniske rapporteringssystem inn i ny region. Systemet hentar ut informasjon om dekning av avtalar og avtalelojalitet i sanntid.	INNKK	Regionreform	Vert gjort etter 01.01.20	
e) Innføre meir treffsikre rutinar for å avdekkje brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtale	- Sjå første tiltak på d)	INNKK			
	- Gjennomføre stikkprøvekontroll av protokoll i tråd med årshjul. Rapport vert sendt til leiarar.	INNKK	Vår 2018	OK, vil ikkje verte gjort våren 2019, grunna samanslåing	
f) Innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutinane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd	- rutinar for maksimalt tal underleverandørar, både i avtalevilkår og avtaleoppfølging (punkt 9.4)	BET/I NNK	Haust 2018	OK	Vedlagt: Utklipp frå div. malar knytt til seriøsitet i arbeidslivet og Seriøsitetskrav i byggesaker Sjå også vedlegget: Rutine for oppfølging av avtalar
	- rutinar for oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår, både i avtalevilkår og avtaleoppfølging (punkt 8.5.2)	BET/I NNK	Haust 2018	OK	
	- rutinar for oppfølging av andre avtalevilkår som har med sosial dumping (punkt 8.5.2)	BET/I NNK	Haust 2018	OK	
	Jamfør punkt a	INNKK			

g) gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekka i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt ulovleg frå desse leverandørane	3 Leige av båt: Ved føreståande vurdering av dette vil vi vurdere vidare eigarform i samband også med anskaffingsregelverket.	OA/IN NK	Vert vurdert i samband med vurdering av kjøp av båt			
	7+20 Den kulturelle skulesekken: Konklusjonen frå forvaltningsrevisjonen er at vi må sjå all kjøpa under eitt og vurdere om det må lysast ut på Doffin. Nå arbeider departementet med ein nasjonal ordning for å sikre at den kulturelle skulesekken følgjer regelverk om offentlege anskaffingar. Vi avventer dette	NKA/I NNK	Avventer	Avventer		
	9 Vatningsanlegg. Ikkje mogleg å reparere feilen. Tar han til lærdom.	SJH/I NNK		OK		
	11 Kjøp av kurs. Ikkje mogleg å rette feilen. Da feilen (verdivurderinga) vart oppdaga etter avtalesignering, vart det vurdert at dette ikkje var kritisk da vi truleg ikkje ville fått inn tilbod på kurs frå EØS-området. Feilen vart opplyst om i protokollen.	INNK		OK		
	13 Maskinkjøp. Ikkje mogleg å rette feilen. Feil i mal vart retta med ein gong.	INNK		OK		
	14 Detaljprosjektering: Vurdere om avtalen vert nytta utover det den skal nyttast til. Innstramming på dette.	BET	Haust 2017	OK		
	15 Billakk. Relativt liten sum, vil verte vurdert og prioritert som del av tiltak d). Skulane opplyst om denne typen gjentagende kjøp i samlingar og på kurs	OA	Haust 2018	OK		
	16 og 19 Catering/Restaurant. Relativt liten sum. Gjere alle merksame på at protokoll skal skrivast på denne typen kjøp på samlingar og kurs	OA	Haust 2018	OK		

	17 Tannteknisk arbeid. Vurdere på nytt i lag med Hordaland om denne er knytt til eit unntak.	INNK/ KAT	Vinter/vår 2019	Konkurranse er påbegynt i lag med Hordaland.	
	21 Leige av utstyr til kultur. Relativt liten sum. Plan om å gjennomføre konkurranse på dette	NKA/I NNK	Haust 2018/vinter 2019	Konkurranse saman med Hordaland, med frist januar 2019.	
	22 Leige av reinhaldstenester. Eingongskjøp. Ikkje mogleg å rette feilen. Tatt til lærdom.	Drift		OK	
<b>Tilleggssaker*</b>	Helsevikarar. Ekstern juridisk vurdering meinte fylkeskommunen i tilstrekkeleg grad har lagt til rette for at regelverket mot sosial dumping kan handhevast gjennom dei aktuelle avtalane, men at det er ein mangel at konkurransegrunnlaget ikkje stiller krav til opplysningar som kan nyttast til å vurdere korleis dei aktuelle tilbydarane i praksis har fungert hjå andre oppdragsgjevarar i marknaden for slike tenester. Dette er eit innkjøpsfagleg skjønn der ein må vurdere risiko opp mot gevinst. Tar saka til lærdom.	INNK		OK	
	Reinhaldstenester SJH. Brot på regelverket. Ny konkurranse vart gjennomført og kontrakt skrive under.	INNK	Vinter/vår 2018	OK	
	Varmepumpe. Ekstern juridisk vurdering stadfesta at feil ikkje var begått. Tar saka til lærdom – malane er endra slik at krav til lærling ikkje lengre er eit kvalifikasjonskrav, men eit kontraktskrav og med alternative tekster som kan nyttast i høve modenheit i marknaden eller type arbeid det er snakk om.	INNK	Haust 2017	OK	Vedlagt: Vedlegg oppfølging av forvaltningsrevisjon

h) oppdatere strategi og rutinar i samsvar med organiseringa av ny region	Desse punkta er begge med i delprosjekt for innkjøp i arbeid med regionreform.	INNK/ innkjøps- seksjo- nen Horda- land	I samband med arbeid med ny region	I gang	
i) sikre tydeligare krav til bestillarrolla i den nye regionen					

Note:

\* Tilleggssaker. Viser til FT-sak 12/18 med følgjande vedtak

1. Fylkestinget tar informasjonen til orientering.
2. Fylkestinget ber om at funna vert ein del av oppfølginga som skal skje etter forvaltningsrevisjonsrapport av innkjøp.